

Vennelaget for Lensmannsgarden Årsmelding for 2009

Årsmeldinga dekker 2009 etter siste årsmøte 31. mars.

Hå kommunestyre takka i møtet 18. juni ja til Vennelaget sitt tilbod av 26.08.2008 om å utføra rehabilitering av løa på Lensmannsgarden innafor ei kostnadsramme på 2,87 mill. pluss moms.

Lensmannsgarden barnehage er bygd og godkjent med 21 parkeringsplassar. Administrasjonen i Hå kommune vert av kommunestyret bedt om å leggja fram eit forslag til parkeringsløysing med minimum 20 parkeringsplassar for felles bruk for løa og barnehagen. Administrasjonen har i si saksutgreiing lagt til grunn at opptil 373 personar skal bruka løa samstundes, og legg fram parkeringsløysingar som grip sterkt inn i grøntareal rundt løa. Vennelaget og kommunestyrevedtaket av 18. juni 2009 legg til grunn maks 100 personar i løa for dei aller fleste tilstellingane i løa, og at dette er dimensjonerande for parkeringsløysinga. Utval for tekniske saker og næring har definert to løysingar som legg dette til grunn, og som har minimal eller ingen inngripen i grøntareal. Administrasjonen skal leggja desse løysingane ut til offentleg høyring saman med dei 3 "løysingane" som administrasjonen har utarbeidd. Utval for tekniske saker og næring skal handsama saka etter den offentlege høyringa i møtet 20. april. Me reknar med det vert gitt byggjeløyve for løa, og at dugnadsarbeidet tek til att i mai. Målet er at me skal vera ferdige med løa i løpet av dette året.

Etter avtale med administrasjonen i Hå kommune har Vennelaget starta rehabiliteringsarbeid som ikkje er søknadspliktig. Takkledning i fjosetasjen er riven, taket reinska, golvet er senka, og masse fylt i lannkumme og silo. Svake dragarar i løegolvet er skifta ut, og golvet er utbetra og klart for å leggja eit nytt golv oppå. Eit av sperra i løa var kappa og erstatta av jernsperr for traktortilkomst til siloen. Dette sperret er tilbakeført til tresperr, slik som det var opphavelg. Byggjesøknad vart sendt 29. okt 2009. Administrasjonen ønskjer ikkje å handsama byggjesøknaden før dei har etablert ei løysing på parkeringa for barnehagen og løa.

Styret har i perioden etter 31. mars hatt 8 styremøter. Personar i styret og byggkomiteen har, som tidlegare år, hatt eit omfattande arbeid utanom styremøta i samband med politisk handsaming av spørsmål knytta til løa på Lensmannsgarden.

Dugnadskomiteen har organisert dugnadsarbeid, og byggkomiteen har leia arbeidet på løa.

Vennelaget fekk 8000 kr i tilskot til arbeid med innsamling og utstilling av historisk materiale frå Lensmannsgarden av "Kulturminneåret 2009". Komiteen for innsamling av historisk materiale har fullført innsamlingsarbeidet og laga ein informasjonsfaldar. Arbeidet med presentasjon av materialet vert fullført i 2010.

Medlemstalet i Vennelaget er 174.

Styret i Vennelaget har vore:

Kjetil Skrettingland, leiar
Eldar Odland, nestleiar
Anny Hagesæter, sekretær
Frode Skretting, kasserar
Solveig Aanestad, styrem.
Svein Borgen, varam.

Byggkomite:

Svein Varhaug, leiar
Dag Skretting
Jon Harald Håland

Dugnadskomite:

Eldar Odland
Solveig Aanestad
Oddbjørg Skrettingland
Geir Egil Rosland

Medlemsverving:

Svein Borgen
Asgerd Strømsvik Tjemsland
Hans Vagleik Jakobsen

Innsamling av historisk materiale:

Solveig Aanestad
Gunnar Husveg
Eirik J Varhaug
Gudrun Tora Norli Husveg

Valnemnd:

Solveig Aanestad (erstattar for Livar Nord-Varhaug grunna dødsfall)
Silje E. Varhaug
Guri Sollesnes

For styret i Vennelaget for Lensmannsgarden
Kjetil Skrettingland (leiar)

K. Skrettingland